



GULEN KOMMUNE
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA



Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

PlanID 4635-2020002

2. gongs høyring



Gulen kommune

1. OM FØRESEGNENE

Kommuneplanen sin arealdel består av ein kartdel med tilhøyrande planskildring, føresegner og vedlegg. Føresegnene utfyller og utdjupar arealbruken som er fastlagt i kartdelen. Kartdelen med føresegner er juridisk bindande. Retningslinjene frå førre planperiode var ikkje juridisk bindande og er tatt ut frå føresegnene.

Arealbruken i kartet er synleggjort med fargar, bokstavkodar, teikn og skravur i samsvar med gjeldande retningslinjer.

Gulen kommune sin arealplan 2020-2032 består av følgjande kartgrunnlag:

- 2020002_1 Arealføremål
- 2020002_2 Omsynssoner
- 2020002_5 Byggjegrense
- 2020002_6 Faresoner
- 2020002_7 Samferdsel

- 2020002_8 Bygdekart Brekke
- 2020002_9 Bygdekart Byrknes
- 2020002_10 Bygdekart Dalsøyra
- 2020002_11 Bygdekart Eivindvik
- 2020002_12 Industriområde Sløvåg

2. FORHOLDET TIL ANDRE PLANAR

2.1. REGULERINGSPLANAR

Der det er motstrid mellom eldre reguleringsplan og kommuneplanen, er det kommuneplanen som gjeld, med mindre reguleringsplanen er vedtatt vidareført.

Reguleringsplanar som gjeld er vist som omsynssoner i kartet, jf. pbl. §11-8, bokstav f.

Reguleringsplanføresegner vil framleis vera gjeldande, men dersom det manglar føresegner vil kommuneplanen sine føresegner for byggeområde vera gjeldande for planane, jf. pbl. § 11-9 og § 11-10.

3. GENERELLE FØRESEGNAR -PBL. § 11-9

3.1. KRAV OM REGULERINGSPLAN –PBL. §11-9 NR. 1:

- a. Areal som er sett av til bygg og anlegg etter pbl. § 11-7 nr. 1 og samferdsle og teknisk infrastruktur etter pbl. §11-7 nr. 2 skal inngå i ein reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 vert gitt. Dette gjeld så lenge ikkje anna er sagt under det enkelte føremål.
- b. Ved utarbeiding av reguleringsplan skal det lagast plan for drikkevatn, bortleiing av overvatn og utslepp av sanitært avløpsvatn.
- c. Reguleringsplanen sitt innhaldskrav går fram av pbl. § 12-7.. § 12-7.

3.2. KRAV OM UTBYGGINGSAVTALAR –PBL. §11-9 NR. 2

- a. Kommunen kan stille krav om utbyggingsavtale etter pbl. kap. 17. Eventuell utbyggingsavtale med kommunen skal avklarast før planarbeidet startar opp.

3.3. KRAV TIL INFRASTRUKTUR –PBL. §11-9 NR. 3

3.3.1. AVSTAND TIL VEG

- a. Ved handsaming av byggegrensing og avkøyring til riks- og fylkesvegar skal gjeldande «Rammeplan for avkøyrslar og byggegrensingar» leggjast til grunn.
- b. For eigedomsgrensing langs fylkesvegar er utgangspunktet at Statens Vegvesen eig sikkerheitssone + 2 meter frå ytre kantlinje/køyrebanekant på kvar side av vegen.
- c. For eigedomsgrensing langs kommunale vegar er utgangspunktet at kommunen eig
 - 3 meter frå ytre kantlinje frå vegar bygd etter 21.06.1963
 - 2,5 meter frå ytre kantlinje frå vegar bygd frå 24.06.1938-20.06.1963
 - 1,5 meter frå ytre kantlinje frå vegar bygd frå 21.06.1912-23.06
- d. For bustadområde med fleire hus skal det etablerast felles vegløyving for påkopling til fylkesvegen der dette er mogleg.

- e. I nye planar skal vegføremålet vere 1 meter breiare enn vegen si breidde for å sikre vedlikehald og infrastruktur.

3.3.2. VASSFORSYNING (PBL. §27-1)

- a. Det er krav om tilgang til reint drikkevatt, samt sløkkjevatt i alle nye bygg der det skal opphalde seg menneske eller dyr, eller der slike bygg skal endrast eller gjenopprettast.
- b. Dette Når offentleg vassleidning går over nærliggande areal, er det krav om at bygningen skal tilknyttast denne vassleidningen med mindre det vil innebere uforholdsmessig stor kostnad, eller der særlege omsyn seier noko anna.

3.3.3. AVLØP (PBL. §27-2)

- a. Bortleiing av avløpsvatt skal vere sikra i samsvar med forureiningslova før oppretting eller endring av eigedom til busetnad vert godkjent.
- b. Når offentleg avløpsleidning går over nærliggande areal, er det krav om at bygningen skal tilknyttast denne avløpsleidningen med mindre det vil innebere uforholdsmessig stor kostnad, eller der særlege omsyn seier noko anna.
- c. Dette gjeld også fritidsbustadar, jf. Pbl § 30-6.

3.3.4. ENERGIFORSYNING I NÆRINGSOMRÅDE

- a. I næringsområde skal det leggjast til rette for energireduserande tiltak, og forsyning av til dømes vassboren varme, biovarme, eller fjernvarme.
- b. For nye næringsbygg skal fossilt brensel ikkje nyttast til oppvarming.

3.4. REKKEFØLGJEKRAV -PBL. §11-9 NR. 4

3.4.1. KRAV OM TEKNISK INFRASTRUKTUR, JF. PBL §§ 27-1, 2, 3 OG 4

- a. For areal sett av til bygg og anlegg etter pbl §11-7 nr. 1, der det er plankrav, skal infrastruktur for veg, vatt, overvatt og avlaup sjåast i samanheng med eksisterande og framtidig utbygging i området slik at det vert etablert heilskaplege løysingar. Det same gjeld kablar til fiber og anna kommunikasjonsinfrastruktur. Dersom kommunen finn det naudsynt, skal det utarbeidast felles planar for slik infrastruktur.

- b. Det kan ikkje setjast i gang byggjetiltak innanfor regulert område før plan for teknisk infrastruktur er omsøkt og godkjent av kommunen.
- c. Det kan ikkje gjevast bruksløyve for bygningar innanfor regulert område før det er gjeve bruksløyve for teknisk infrastruktur fram til respektive eigedommar.
- d. Før bruksløyve for VA-anlegg kan gjevast skal det liggje føre dokumentasjon for korleis anlegget er bygd, og denne dokumentasjonen skal vere godkjent av kommunen. Kummar og røyrstrekk skal innmålart.
- e. Tilstreккеleg kapasitet for sløkkjevattn må vere etablert før området for utbygging vert teke i bruk
- f. Det bør sikrast trygg skuleveg og veg for mjuke trafikantar frå regulerte områder til skule og andre tenestetilbod, eventuelt til næraste busstopp.

3.4.2. SAMFUNNSTRYGGLEIK, RISIKO OG SÅRBARHEIT (ROS)

- a. Gulen kommune si overordna ROS-analyse skal ligge til grunn for alt arbeid og tiltak i kommunen. Relevante tema frå den overordna ROS-en skal takast med i eiga ROS-analyse for konkrete planarbeid og tiltak der slik analyse er påkrevd. Vurdering av planlagte tiltak og beredskap må alltid sjåast i samanheng.
- b. For område avsett til framtidig bustad- og næringsbygg kan det ikkje gjevast rammeløyve eller løyve til igangsetting av tiltak før det ligg føre ROS-analyse som syner utfordringar knytt til miljø og klimaendringar, overvatn, sårbare artar, avløp, massehandtering, m.m. Klimaprofilen for Sogn og Fjordane, samt aktuelle berekningar for stormflo og havnivåstiging skal nyttast.

Der det vert avdekka potensiell fare, skal det utførast fagkunnige utgreiingar og eventuelle sikringstiltak skal vere gjennomførte før det vert gitt løyve til tiltak (pbl. § 11-9 nr. 4 og 8).

3.5. KRAV TIL BYGGJEGRENSE MOT SJØ OG VASSDRAG -PBL. §11-9 NR. 5, JF § 1-8 NR. 3

3.5.1. GENERELT

- a. Alternativ lokalisering av nye tiltak i strandsona skal vurderast før bygging vert tillete. Nye tiltak skal trekkast så langt vekk frå sjøen som mogleg.
- b. Utviding av eksisterande bygningar skal om mogleg skje i retning vekk frå sjøen.
- c. Alternativ lokalisering av nye tiltak i strandsona skal vurderast før bygging vert tillete. Dersom ikkje anna er fastsett i kommuneplanen, eller godkjend reguleringsplan, gjeld ei generell byggegrens mot sjø og vatn/vassdrag på 40 m., jf. Pbl §1-8.

- d. Ved nye planar og tiltak; Nivå for stormflo vert sett til kote 3,6 (NN2000) for øyane og kote 3,0 (NN2000) for resten av kommunen. Desse kotehøgdena er førande, og kan fråvikast i den einskilde plansak/byggesak dersom det vert dokumentert at andre verdiar kan leggjast til grunn. Det skal då gå fram av saka kva høgde som er lagt til grunn for dei einskilde tryggleiksklassane i TEK17. Ved berekning av stormflo-nivå er det 95-persentilen for år 2100 i RCP8.5 senarioet som skal leggjast til grunn. Planerte flater og kaiar må etablerast på ein slik måte at toppnivå kan hevast i takt med nivå for havstigning. Det må takast omsyn til havnivåheving ved plassering av tekniske installasjonar.

Stormflo skal reknast ut i frå følgjande formel: Stormflo = Returnivå for stormflo + Havnivåstigning 95 persentil - korreksjon for NN2000 +signifikant bølgehøgde.

Sikkerheitsklasse 1/F1 kotehøgde frå 209cm moh,
Sikkerheitsklasse 2/F2 kotehøgde frå 223cm moh,
Sikkerheitsklasse 3/F3 kotehøgde frå 229cm moh.

Bølgepåslag skal medreknast på kotehøgde for bygging i sjøkanten. Kotehøgda for havnivåstigning + bølgepåslag. Ein brukar lokal kunnskap om området for vær, vind, erfaringar og skjønn for å berekne bølgepåslaget. Bølgepåslaget kan variere frå minimum 10-15cm til 100cm eller meir ut i frå geografien til området.

- e. Ved omregulering, ombygging, bruksendring og sanering i eksisterande og etablerte utbyggingsområde i strandsona, kan lokal plan- og bygningsmynde vurdere kotehøgde lågare enn sikkerheitsklassane F1, F2 og F3 seier. Tiltakshavar må i slike saker dokumentere korleis byggverk, produkt, konstruksjonar og sikringstiltak etterkjem krava mot vanninntrenging, stormflonivå, bølger og flaum, jfr krava i TEK17.
- f. Det skal vere mogleg for ålmenta å ferdast langs stranda. Bygningar og anlegg må ikkje stenge korridorar og pasasjer ned til og langs strandlinja, med mindre betre alternativ er sikra. Etablerte stiar skal takast vare på.
- g. Naustområde (BAB), småbåtanlegg og kaiområde skal vere ope for ålmenta.
- h. Der det er naudsynt for framføring av kablar, leidningar og røyr for teknisk infrastruktur kan graving i 100-m beltet langs sjø og vassdrag utførast så lenge inngrepet skjer skånsamt og terrenget vert ført attende til det opphavlege. Tiltak skal ikkje vere synlege over terrenget.
- i. Leidningsnett til over- og spillvatn bør ikkje etablerast lågare enn 2,5 m.o.h. (NN2000) for å unngå/ redusere tilbakeslag av sjøvatn i leidningsnettet.

3.5.2. BYGGJEGRENSE MOT VATN OG VASSDRAG

- a. For områder der nedslagsfeltet er 20 km² eller mindre, setjast byggegrensa mot vatn og vassdrag til 20 meter frå kanten av elveleiet eller vasskant.
- b. For områder der nedslagsfeltet er større enn 20 km², setjast byggegrensa mot vatn og vassdrag til 50 meter frå kanten av elveleiet eller vasskant.
- c. Vassdrag synt i kartet med områdenamn V_1 til V_13 har særskild byggegrensing; 50 meter.
- d. I områder som allereie er utbyggd og har arealføremål Bygg og anlegg, jf. pbl. §11-7 nr. 1, setjast byggegrensa mot vatn og vassdrag til 4 meter frå kanten av elveleiet eller vasskant. Denne bokstaven gjeld berre dersom det allereie er utført førebyggjande tiltak i terrenget eller at det er dokumentert at det er ingen flaum eller erosjonsfare. Elles gjeld bokstav e.
- e. i dei fleste tilfelle tilstrekkeleg. Denne omsynssona er ikkje vist på plankart, og her gjeld generelt krav om nærare vurderingar i alle plan- og byggesaker. Dersom ein ynskjer å byggje nærare enn 20 meter frå mindre bekkar må det gjerast ei nærare vurdering av faren for sørpeskred, flaum eller erosjon etter rettleiar frå NVE.

Dersom elvebreidda erosjonsutsett skal avstanden mellom bygg og topp elveskråning alltid vere minst 20 m, jf. rettleiar til TEK17 § 7-2 og det skal gjerast særskild vurdering etter gjeldande rettleiarar frå NVE.

3.6. KRAV TIL FUNKSJON - PBL. §11-9 NR. 5

3.6.1. PARKERING

- a. Ved nye byggetiltak gjeld følgjande krav til personbilkparkeringsplassar:

Type tiltak	Minimum parkeringsplassar
Einebustader/hus inntil 4 bueiningar	2 per bueining
Hytter/fritidsbustader	2 per hytte/fritidsbustad
Småbåtanlegg/naustområder	1 per 4. båt plass
Forretning/kontor/service	1 per 30 m ² BRA

- b. Ved nye byggetiltak gjeld følgjande krav til sykkelparkeringsplassar:

Type tiltak	Minimum parkeringsplassar
Einebustader/hus inntil 4 bueiningar	1-3 per bueining
Hytter/fritidsbustader	2 per hytte/fritidsbustad
Skular og barnehagar	0,7 plass per elev
Forretningar og butikkar	Min. 2 plassar per 100 m ² BRA
Kultur og idrettsanlegg	2 plassar per 10 sete

3.6.2. UNIVERSELL UTFORMING

- a. Krav om universell utforming går fram av til ei kvar tid gjeldande byggtknisk forskrift.

3.7. KRAV TIL MILJØKVALITET, ESTETIKK, NATUR, LANDSKAP OG GRØNSTRUKTUR - PBL. §11-9 NR. 6

3.7.1. MILJØKVALITET

- a. Ved planlegging av nye byggeområder og utforming av tiltak skal det takast omsyn til klimatiske tilhøve som sol, vind og rasfare. Planlegging og tiltak skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av havnivåstiging og høg vasstand.
- b. Jordressursar er karbonlager, og skal takast vare på for å sikre lågast mogleg utslepp av klimagassar.
- c. Grønstruktur og skjerm mot andre arealføremål skal fastsetjast i reguleringsplan.

3.7.2. ESTETIKK

- a. Som hovudregel skal bygningar og andre tiltak tilpassast terrengkotene og ikkje bryte horisonten. Det skal leggest vekt på minimale terrenginngrep og massebalanse innanfor plan-/ byggeområdet og ein skal i størst mogleg grad unngå flatplanering, skjeringar og utfylling i sjø.
- b. Ved fortetting i eksisterande område skal nye bygningar stå i høve til nabobygga, terrenget og landskapet og som hovudregel tilpasse seg eksisterande byggelinjer, volum, takform og gesims-/ mønehøgder. Ein bør unngå flatplanering av tomter.
- c. Ved søknad om tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 skal det lagast utomhusplan som viser eksisterande og planlagt terreng, korleis uteareala skal opparbeidast, evt. murar, gjerde, levegger, avkjørsel, oppstillingsplassar for bilar og sykklar, stigningstilhøve på interne vegar, samt høgdedata for plassering av bygningar, parkering mm.

3.7.3. NATUR, LANDSKAP OG GRØNSTRUKTUR

- a. Planlegging og tiltak skal skje med omsyn til verdifulle landskaps-, natur, kulturlandskaps-, og friluftsiresser. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-12 skal nyttast i alt reguleringsplanarbeid og anna sakshandamingsarbeid etter pbl.

- b. Planlegging og tiltak skal underordne seg staden sine viktige landskapstrekk. Det skal planleggjast for ein mest mogleg samanhengande grønstruktur rundt nye tiltak.
- c. Etablering og opparbeiding av turstiar i LNF-områder kan gjennomførast med samtykke frå grunneigar dersom det ikkje kjem i konflikt med omsyn i arealplanen eller andre interesser. Tiltaket kan likevel vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

3.8. KRAV OM OMSYN TIL EKSISTERANDE BYGGVERK OG KULTURMILJØ - PBL. §11-9 NR. 7

- a. Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak.
- b. Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.
- c. Tiltak nærare enn 100m frå freda kulturminne skal leggjast fram for kulturminnemynde for handsaming etter lov om kulturminne før igangsetting av tiltak..
- d. For handsaming av tiltak knytt til kyrkjer, kyrkjestadar, gravplassar og gravminner må gjeldande Kyrkjerundskriv følgjast. Tiltak i kulturmiljø, nærare enn 100m frå verna kulturminne eller verneverdige nyare tids kulturminne og kulturmiljø, skal leggjast fram for kommunal eining med ansvar for kulturminnevern for vurdering.
- e. Krav om forhold som skal utgreiast i reguleringsplanarbeidet pbl. §11-9 nr. 8

Nye bygg skal vere tilpassa omgivnadane og terrenget. Toppar og høgdedrag skal ikkje byggjast ned og nye bygg skal tilpassast landskapsrommet. Naturleg vegetasjon skal i det lengste bevarast, og inngrep skal plantast til med vegetasjon som er naturleg i området.

Utbygging av bustadar skal i størst mogleg grad lokaliserast til eksisterande grender, og på denne måten vere med på å styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø.

Alle planar for utbygging skal ha ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), jf. Pbl §4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Klimaendringar må takast særskilt omsyn til i alle ROS-analyser, til dømes havnivåstiging, auka flaum- og skredfare, og auka vêrpåverknad på bygningar, vegar og anna infrastruktur.

Områder med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i planen som hensynssone (jf. §§ 11-8 og 12-6) med nødvendige bestemmelser for å avverge skade og tap.

I samband med planlegging og gjennomføring av tiltak skal det leggjast til rette for universell utforming, både internt i planområdet og i samanheng med omgivingane. Dette gjeld særskilt bustader, offentlege bygg og uterom, haldeplassar for kollektivtrafikk og publikumsretta verksemder. Det skal leggjast til rette eigne parkeringsareal for rørslehemma ved bygg som skal ha ålmenn tilgjenge.

Nasjonale retningslinjer for born og planlegging skal leggjast til grunn for all planlegging og søknad om tiltak der det er naturleg. Det skal sikrast eit oppvekstmiljø der fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar samsvarer med tilgjengeleg kunnskap om born og unge sine behov. Det skal takast særskilt omsyn til trafikksikre snarvegar, gang- og sykkelforbindelsar og gode og varierte aktivitetsområde.

4. FØRESEGNER KNYTT TIL AREALFØREMÅL ETTER PBL. § 11-7

4.1. BYGG OG ANLEGG, JF. PBL. §11-7 NR. 1

4.1.1. BUSTAD

- a. Føremålet gjeld byggjeområde for bustad med tilhøyrande tekniske anlegg, garasje, uthus, veg, parkering og anna fellesareal.
- b. I eksisterande uregulerte bustadområde kan det etter konkret vurdering gjevast løyve til fortetting ved nye byggetiltak utan regulering dersom følgjande vilkår er oppfylte: Nye bygg skal tilpasse seg eksisterande struktur og underordne seg eksisterande bygg når det gjeld høgde, volum, og grad av utnytting.
- c. Nye bygg kan nytte seg av eksisterande infrastruktur og tilknyttast eksisterande tekniske anlegg.
- d. Det er utarbeidd utomhusplan som viser at mellom anna krav til parkering og uteoppfallsareal vert teke i vare både for eksisterande og nye bueiningar.
- e. Tomter skal ha ein storleik avpassa terrenget, og skal ikkje være større enn 2 daa. Maksimalt tillete utbyggingsvolum er 30% BYA. Einebustader og tomannsbustader skal ha parkeringsdekning for 2 bilar pr. eining og snuplass på eiga tomt. Rekkehus og bustadar med mindre husvære skal ha parkeringsdekning for 1,5 bilar pr. eining.
- f. For byggeområde for bustadhus som ligg heilt eller delvis innanfor funksjonell strandsone som vist i plankartet, skal ny, meir detaljert juridisk byggegrense

fastsettast som ein del av reguleringsplanprosessen, der omsynet til strandsoneverdiene skal særleg vektleggjast.

- g. Bustadfelt nær sjøen bør ha tilgang til område for bading, friluftsliv og båthamn. For nye regulerte bustadområder skal felles leikeareal opparbeidast med anlegg og apparat av god kvalitet. Leike- og uteareal skal ferdigstillast innan to år etter at første ferdigatttest er gitt.
- h. Areal skal ha trafiksikker plassering og tilkomst, og skal rette seg etter krava i gjeldande retningslinjer for støy, rasfare, stråling, forureining og anna helsefare. Areal skal ha tenleg form, storleik og plassering. Restareal reknast ikkje med. Minimum 50% skal liggje samla og sentralt i bustadområdet og knytast mot anna grøntområde. Areal skal ha tenleg form, storleik og plassering. Restareal reknast ikkje med. Minimum 50% skal liggje samla og sentralt i bustadområdet og knytast mot anna grøntområde.

Tabell 1: Bustadfelt

Viser oversikt over områder i arealplanen som er satt av til føremål bustadområder.

Bokstav- kode	Stad	Areal (daa)	Moglege tomter (eksisteran- de)	Merknad	Krav om RP, evt. RP-nr.
B_01	Halsvik	23	9 (7)	Noverande	
B_02a	Hovden Nordre	9.5	3 (2)	Noverande	
B_03a	Hovden I Hovden II	115	18 (12) 23 (10)	Noverande, regulert	1985001 2007002
B_03b	Hovden III	31	15	Framtidig	RP
B_04	Eivindvik, Grønevik	23	10 (5)	Noverande	
B_05	Eivindvik, Øvre Stølen IV	91	35 (18)	Noverande, regulert	2014005
B_06	Eivindvik, Nedre Stølen	15	6	Framtidig	RP
B_07	Eivindvik, Øvre Stølen I, II, III, Nedre Stølen, Monsverket/Lunden	148	82 (76)	Noverande, Øvre Stølen I, II og III er regulert. Nedre Stølen, Monsverket/Lunde n ikkje regulert.	2010005

B_08	Eivindvik, Kyrkjeneset	40	17 (14)	Noverande	
B_09	Eivindvik, Eivindvikskaret - Kyrkjeneset	38	20(16)	Noverande	
B_10a	Eivindvik, Solvang	16	10 (9)	Noverande	
B_10b	Eivindvik, Solvang	18	5	Framtidig	RP
B_11	Eivindvik, Haugane	48	20	Framtidig, avklaring for vegtilkomst	RP
B_12	Eivindvik, Midtunvågen	2	1 (1)	Noverande	
B_13	Eivindvik, Undertun	6	4 (3)	Noverande	
B_14	Eivindvik, Flogefjellet	5	2 (2)	Noverande	
B_16	Oppedal, Ytre Stranda	19	9 (3)	Noverande, regulert	1997003
B_18	Brekke, Ortneset	43	28 (24)	Noverande, regulert	1984002+ 2005003
B_19	Brekke, Ortneset	21	12 (2)	Noværande	2019002
B_21	Brekke, Ortneset langs Fv1	21	9 (3)	Noverande og utviding	RP
B_22	Brekke, Gang/sykkelveg Brekke- Orknes	9	9 (3)	Noverande, delvis regulert	1998001
B_23	Brekke, sentrum	5	5 (4)	Noverande	
B_24	Brekke, sentrum	7	5 (4)	Noverande	
B_26	Brekke, Haugland nedre	1	1 (1)	Noverande, regulert	2001002
B_28	Brekke, ved skule	1	1 (1)	Noverande	1995003
B_29	Brekke, Tynning	13	11 (6)	Noverande	1969001
B_30	Haveland	55	13 (5)	Noverande, delvis regulert	2005006
B_31	Haveland Nordgulen	10	3 (3)	Noverande	
B_32	Nese	9	4 (3)	Noverande	
B_34	Dalsøyra, Storhamma ren Kjeppsvika	51	20 (0)	Framtidig	RP
B_35	Dalsøyra, Grønhammaren	16	7 (0)	Framtidig	RP

B_36	Dalsøyra, Lihaug II	28	18 (15)	Noverande, delvis regulert	19977001
B_37	Dalsøyra, Stølsåsen	114	38 (18)	Noverande, delvis regulert	1997004 /RP
B_39	Dalsøyra Myrsvika	31	20	Framtidig	RP
B_42	Dalsøyra, Furenes	113	34 (18)	Noverande	
B_43	Dalsøyra, Øksefjellet	56	20 (0)	Framtidig, +småbåtanl.	RP
B_45	Byrknes, sør	210	97 (81)	Noverande	
B_46	Byrknes, Tausevågen	20	8 (1)	Noverande, regulert	1990001
B_47	Byrknes, Gåta bustadfelt	37	34 (13)	Noverande, regulert	1999008
B_48	Byrknes, Bjørknes	15	6 (6)	Noverande	
B_49	Byrknes, Børtnes	29	9 (1)	Noverande, og regulert	RP 2004012
B_50	Byrknes, Byrknes Knausen	18	3 (2)	Noverande	
B_51	Byrknes, Bøtun	54	13 (12)	Noverande	RP
B_55	Byrknes, Sjurmarka nord og aust for skule	15	9 (1)	Noverande	1999004/20 2101
B_59	Byrknes, Børtnes	19	12 (9)	Noverande, og regulert	2006001
B_60	Byrknes, Nordbø	30	14 (11)	Noverande	
B_61	Byrknes, Grimestølen	47	11 (0)	Framtidig	RP
B_64	Sande, Arehaugen	69	20 (1)	Framtidig	RP
B_65	Byrknes, Noremark	28	9 (4)	Noverande	RP
B_66	Byrknes, Marka	191	50 (0)	Framtidig	RP
B_67	Byrknes, Nedgardsvika	3	4 (3)	Noverande	RP

4.1.2. FRITIDSBUSTADER

- a. Føremålet gjeld byggeområde for privateigd fritidsbustad med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, anneks, vegar, parkering og anna fellesareal (pbl. § 11-7, nr. 1). Reguleringsføremål fritidsbustad gjeld hytter til privat bruk. Rette føremål for utleiehytter i PBL er «fritids og turismeføremål».
- b. Tomter skal ha ein storleik avpassa etter terrenget, og skal ikkje være større enn 1 daa. Maks BYA =25%.
- c. Fritidsbustadar med vegutløysing skal ha parkeringsdekning for 2 bilar pr. eining. Ved bruk av felles parkeringsløysingar vert det kravd parkeringsdekning for 1,5 bilar pr. fritidsbustad.
- d. Bygging av fritidsbustadar skal ikkje hindre ålmenn ferdsel i strandsona.
- e. Det bør leggast til rette for felles løysingar for naust, småbåtanlegg og sjøtilgang innan bygningsområde.

Tabell 2: Fritidsbustadar (BFR)

Tabell 2 viser oversikt over områder i arealplanen som er satt av til føremål fritidsbustadar, aleine eller i kombinasjon med andre føremål.

ID	Områdenamn	Mogleg tomter	Merknad	Krav om RP
BFR_1	Kversøy	25	Framtidig	RP
BFR_2	Dyrnappen, Gbnr 95/23 Byrknes	38	Framtidig, regulert og til utleiehytter	2006011
BFR_3	Byrknesøy, Honvika	3	Framtidig	RP
BFR_4	Merkesdalsvågen, Gbnr 94/1	63	Framtidig, regulert	2010005
BFR_5	Nappen hyttefelt, Gbnr 92/1	120	Noverande, og område for bustader	RP 2010008
BFR_6	Ånneland, sør for reguleringsplan 89/9	10	Framtidig	RP
BFR_7	Storevågsneset, Gbnr. 75/4	30	Framtidig	RP 2011001
BFR_8	Brandanger, resterande del	100	Framtidig	RP
BFR_9	Åmdalsvik, Gbnr. 40/1 Undalsvik, Hyttefelt	40	Framtidig	RP 2012004

BFR_10	Flolid Hyttegrend vest, Gbnr 23/3	22	Framtidig, regulert	2009004
BFR_11	Dingeneset (sør), Gbnr 14/3,6		Framtidig. Og område for bustader	RP 2009005
BFR_12	Fallebø, hytter ny felt Gbnr. 13/1		Framtidig	RP
BFR_13	Nyborg Hytter og anna bygg	25	Noverande, regulert	F13
BFR_14	Taskebotn, Gbnr 15/83		Framtidig	RP 2008001
BFR_15	Flolid hytter	6	Noverande	
BFR_16	Fivelsdal, hyttefelt gbnr. 78/3		Framtidig	2012007
BFR_17	Fivelsdal		Framtidig	RP
BFR_18a BFR_18b	Flolid aust, Gbnr 23/2		Framtidig	RP
BFR_19	Vatsvik, hytetr Gbnr. 83/4,5		Noverande, regulert	2011006
BFR_20	Randal, Gbnr. 86/3		Noverande, regulert	2012006
BFR_21	Dinja, hyttefelt gbnr. 14/30		Noverande, regulert og naust og småbåtanlegg	1997007 2006012
BFR_22	Sollibotn Hyttegrend Gbnr. 15/201, endring		Noverande, regulert	2011002
BFR_23	Mjåneset, Gnr 15 Bnr 9 m.fl.		Noverande, regulert	2009001
BFR_24	Eivindvik, Midtun		Noverande	
BFR_27	Haveland, Solstrand, hytter		Noverande	
BFR_29	Nese		Framtidig	
BFR_30	Nese, Oksjeneset (stormly)		Noverande	
BFR_31	På Austgulen, hantveit		Noverande	
BFR_34	Rutledal		Noverande	
BFR_36	Eidsbotn, Høyvik		Noverande	
BFR_35	Rutle		Noverande	
BFR_38	Klokkeide og Nyborg, del av		Noverande	2001003
BFR_39	Kalvedalen, Gbnr. 75/4		Noverande	2010007

BFR_40	Brandanger, aust for Storevågneset		Noverande	
BFR_41	Mjelleneset, brandanger 75/4		Noverande	1988001
BFR_42	Fivelsdal, Gnr. 78 Bnr. 6		Noverande	2005004
BFR_43	Reguleringsplan for hytter m.m. på gnr 91 bnr 1, Mjømen		Noverande	1999002
BFR_44	Mjømna, Mjåsundbrua		Noverande	
BFR_45	Byrknesøy, Vikingneset		Noverande	Disp.plan
BFR_46	Byrknesoy, Båevågen Bremnes		Noverande	
BFR_47	Naustvågen. Gbnr. 94/91		Noverande	2006005
BFR_48	Reguleringsplan Gnr. 94 Bnr. 93 Bremnes		Noverande	2006015
BFR_49	Byrknes, gbnr. 95/28, Sandvika		Noverande	2006003
BFR_50	Hisarøyna, Grimstad		Framtidig	RP
BFR_51	Hisarøyna, gbnr. 113/7		Noverande	
BFR_52	Indre Oppedal, Kalshammaren, 117/1		Noverande	
BFR_53	Indre Oppedal, selsvika		Noverande	
BFR_54	Indre Oppedal, nord Selsvika		Framtidig	RP
BFR_55	Indre Oppedal, nord Selsvika		Noverande	
BFR_56	Ynnesdal, furubakken		Noverande	
BFR_57	Ynnesdal, ropehaug		Noverande	
BFR_58a BFR_58b	Fallebø, hytter Gbnr. 13/1		Noverande	2000002
BFR_59	Fallebø felt C, Gnr. 13 Bnr. 1/2		Noverande, sjå forslag til endring	2004004
BFR_60	Breidvika		Framtidig	
BFR_61	Hjartholm hytter		Framtidig, regulert	2010006
BFR_62	Ytre Oppedal hytte Gbnr 118/10		Framtidig, regulert	2000001
BFR_63	Grinde Nedre hytter, Gbnr. 55/23		Framtidig, regulert og noverande buss-garasje	2004001

BFR_64	Fjellheim, hyttefelt Gbnr. 11/4		Noverande	RP
BFR_65	Nordgulen, Nordgulkletten		Framtidig	RP
BFR_66	Kittelsvik, Gbnr. 90/1	11	Noverande	2003003
BFR_67	Ånneland		Noverande, regulert, rorbu og bustad	2002003
BFR_68	Sande, gamle vegen		Noverande	1978001
BFR_69	Tunsberg hyttefelt		Noverande	1979001

4.1.3. FRITIDS- OG TURISTFØRMÅL

- a. Føremålet gjeld utleiebustad og fritidsbustad som vert drive i kommersiell samanheng.
- b. Utleiehytter skal avgrensast i omfang og tilpassast terrenget og omgivnader.
- c. Utleiehytter med vegutløysing skal ha parkeringsdekning for 2 bilar pr. eining. Ved bruk av felles parkeringsløysingar vert det krevd parkeringsdekning for 1,5 bilar pr. utleieeinuing.
- d. Det skal leggjast til rette for felles løysingar for servicebygg, naust og sjøtilgang innan bygningsområde der det er aktuelt.

Tabell 3: Fritids- og turistføremål (BFT)

Viser oversikt over områder i arealplanen som er satt av til fritids- og turistføremål.

ID	Stad	Merknad	Regulerings plankrav
BFT_1	Fivelsdalsvågen	Framtidig, felles naust og servicebygg, i samanheng med F17	RP
BFT_2	Undertun, Solodden hyttegrend	Noverande, inkludert småbåtanlegg SA06	
BFT_3	Botnen camping	Noverande, sjå RP	2008003
BFT_4	Nordre Fløneset, Byrknes	Framtidig	RP
BFT_6	Sande	Framtidig	RP
BFT_8	Skjerjehamn	Noverande, sjå RP Evt. endring av plan	2006004 RP

BFT_9	Brekkestranda hotell og utleige	Noverande, sjå RP	2006007
BFT_10	Utleigehytter Oppedal Indre, Gbnr. 117/25	Noverande, sjå RP	2004002
BFT_11	Brekke, langs Fv1	Framtidig	RP
BFT_12	Mjømna, camping, småbåtanlegg, mm	Framtidig, med omsyn til allmenn ferdsel og byggegrense frå sjøen	RP
BFT_13	Vassvika	Framtidig	RP
BFT_14	Litlevatnet	Framtidig, parkering i samband med friluftaktivitetar	

4.1.4. NAUST

- a. Naust er definert som uthus for oppbevaring av båt og fiskereiskap.
- b. Naust skal tilpassast terreng og eksisterande naustmiljø i utforming og storleik. Fargar skal tilpassast omgjevnadene. Skjemmande fargar kan krevjast endra. Ved etablering av fem eller fleire naust i nye naustområder skal nausta plasserast for å sikre god tilkomst for ålmenta mellom naustgruppene.
- c. Nye naust skal berre oppførast i ein etasje og skal ikkje vere større enn 40 m². Loft kan byggast inn, men kan ikkje ha måleverdig areal jf. NS 3940:2012.
- d. Det er ikkje tillate å bygge balkong, terrasse, altan, veranda og liknande på naust.
- e. Naust bør ha treportar i enkel utføring. Dører med glasfelt vert ikkje tillate.
- f. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3% av hovudplanet sitt bruksareal.
- g. Det er ikkje tillate å installere toalett i naust. For reguleringsplanar som gjeld anlegg med fleire naust i same område kan det gjevast løyve til bygging av eit felles sanitæranlegg.
- h. Det kan leggast inn vatn til bruk av vasking/sløyving av fisk.
- i. Det skal vere fri ferdsle for gåande. Tiltak som privatiserer naustområda, som gjerder, murar, og liknande er ikkje tillate.
- j. For å unngå spreidd utbygging i strandsona ynskjer kommunen felles småbåtanlegg i nærleiken av bygdesenter/grender som har felles bruk av både fastbuande og hytteeigarar.

4.1.5. RÅSTOFFUTVINNING (MASSEUTTAK)

- a. I område avsett til masseuttak (BRU) kan uttak av fast fjell ikkje skje før området inngår i reguleringsplan, jf. Pbl. §11-9, nr. 8.
- b. Ved regulering til råstoffutvinning skal framdrift av uttak, etterbehandling av terreng og etterbruk gå fram av reguleringsplanen.
- c. Drift skal skje i medhald av føresegner i Minerallova med gjeldande forskrifter, samt i vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er mynde etter lova.
- d. Ved uttak må det takast omsyn til landskapsbiletet, og sikra estetisk gode løysingar. Randsoner og kantvegetasjon, skal så langt mogleg takast vare på.

4.1.6. NÆRINGSVERKSEMD

- a. Føremålet gjeld område sett av til næringsverksemd med tilhøyrande tekniske anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal. Føremålet omfattar ikkje forretnings og handelsverksemd.
- b. For næringsbygningar skal det som hovudregel utarbeidast reguleringsplan.

4.1.7. SMÅBÅTANLEGG

- a. Småbåtanlegg er knytt til hytter, bustadar eller naust og bruken er avgrensa til nærliggande fastsatte eigendomar.
- b. I tilknytning til område for småbåtanlegg kan det byggjast tilhøyrande anlegg for båtopptrekk, lagringsplass, trafikkisikker parkering o.l. på land.
- c. For alle småbåtanlegg ved tilstøytande naustområde gjeld at det kan leggjast til rette for to båtplass pr naust.
- d. Bryggjer bør etablerast utan store, irreversible terrenginngrep.
- e. Mindre flytebrygger for forankring av båtar er tillete.
- f. Byggesøknaden må vise at tiltaket ikkje er til hinder for andre brukarar.
- g. Lengda på uteliggjarar er regulert av føremåls grensene
- h. Ved planlegging eller etablering av tiltak skal det gjerast naudsynte tiltak som sikrar at småbåtanlegga ikkje tek skade av sterk vind.

4.2. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR, JF. PBL. § 11-7 NR. 2

- a. Føremålet gjeld m.a. veg, kollektivnett, parkeringsplassar og trasear for teknisk infrastruktur.

- b. Det bør setjast av areal for gåande/syklande (GS) ved bygging av nye offentlege vegar og samleveggar i byggjeområde.
- c. Nye teleleidningar bør leggjast i jordkabel der det er mogeleg i samband med vegbygging.
- d. Det skal ikkje planleggast tiltak som kjem i konflikt med skipstrafikken eller merkesystemet i farleiene. Gjeldande hovud- og bileier av Kystverket er vist på arealplankart.
- e. Det er tillate med nyetablering og vedlikehald av navigasjonsinstallasjonar, jf. Pbl. § 11-11 nr. 4.
- f. Nettstasjonar må stå minst 5 m. frå bygningar med brennbare overflater. Avstanden gjeld og til terrassar og liknande som er direkte knytt til bygget og som er brennbar.
- g. Søknadar om etablering av teknisk infrastruktur for telekommunikasjon og fiber krev berre dispensasjon i LNF-områder og strandsona.
- h. Det er ikkje tillaten med bygging innanfor byggingeforbodsbeltet til transmisjonsnettleidningar eller der transmisjonsnettleidningar fell innanfor ei omsynssone. Alt anleggsarbeid og alle tiltak i terrenget skal på førehand avklarast med leidningseigar.

4.3. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDER

4.3.1. FELLES FØRESEGNER

- a. Føremålet gjeld område for landbruks-, natur- og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sine ressursar (pbl. § 11-7 nr. 5 bokstav a).
- b. Nødvendige bygningar og anlegg i tilknytning til landbruksverksemd kan oppførast i funksjonell strandsone dersom tiltaket vert plassert i tilknytning til eksisterande gardstun.
- c. I LNF-område er tiltak (bygningar og anlegg) i samband med stadbunden næring tillate. Nye landbruksbygg og våningshus/hus nr. 2 skal så langt det er driftsmessig forsvarleg plasserast i tilknytning til eksisterande gardstun.
- d. På eksisterande utbygde eigedomar er mindre tiltak etter SAK 10 § 4-1 tillete utan dispensasjonssøknad eller reguleringskrav.
- e. Bygningar eller tilkomstveg skal ikkje leggjast på dyrka eller dyrkbar jord. Det skal takast omsyn til eksisterande tun, bygningsstruktur og drifta på garden, vegetasjon og natur- og kulturminneverdiar. Tilkomstveggar til vegause landbrukseigedomar utan fast busetjing for å sikre vedlikehald og skjøtsel av kulturlandskapet på eigedomen, kan ikkje vere lenger enn 1000 meter og medføre vesentlege terrenginngrep.
- f. Eksisterande våningshus/bygg nr. 2 i LNF område kan berre delast frå hovudbruket dersom det ikkje er til vesentleg ulempe for noverande eller framtidig landbruksdrift i området, jf. pbl. § 11-11 nr. 2.

- g. For eksisterande bebygd eigedom for bustad eller fritidsbustad kan det gjevast løyve til arealoverføring eller tilleggsareal opp til 200 m² samla dersom LNF-omsyn ikkje vert sett til side.
- h. Ved fornying/vedlikehald og attreising av stølar og stølshus skal det leggjast vekt på at tradisjonell byggstil vert ivareteke.
- i. Det er tillate med tiltak som sikrar enkel tilrettelegging for friluftsliv, som til dømes skilting av tursti, enkle bruer og liknande.
- j. Det er tillate med vedlikehald og utbetring av kraftproduksjonsanlegg innanfor LNF-område som har konsesjon etter vassfardragslova eller energilova.
- k. Generelle føresegner i punkt 1 i desse føresegnene er gjeldande.

Retningslinje for dispensasjonshandsaming:

R 4.3.1. For dispensasjonar frå LNF-føremålet og frå strandsonevernet i pbl. § 1-8 skal det takast omsyn til følgjande moment i vurderinga av om vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt:

1. Bebygd tomt

Det skal takast omsyn til om dispensasjonen gjeld for mindre tiltak på ei bebygd tomt. I dispensasjonsvurderinga vert det då viktig å vurdere på om ei samla påverknad av fleire mindre tiltak til saman vil ha ein negativ påverknad på natur- og kulturmiljø, friluftsliv og andre allmenne interesser. Nye tiltak kan ligge maks 25 m frå eksisterande bygningar.

2. Utnytting av eksisterande infrastruktur

Det skal takast omsyn til om tiltak det vert søkt om dispensasjon for kan nytte seg av allereie eksisterande infrastruktur og ikkje treng å opparbeide ny.

3. Utbygging i nærområdet

Det skal leggjast vekt på om eigedomen det vert søkt om dispensasjon for ligg i nærleik til allereie utbygd eller planlagt utbygd område. Fortetting kan vere ei god løysing sjølv om det i nokre tilfeller vil kreve dispensasjon. Dette gjeld spesielt for dispensasjon for tiltak på allereie bebygd eigedom. Det bør ikkje gjevast dispensasjon for nybygg i områder som ligg i nærleiken av regulerte områder til tilsvarande føremål.

4.3.2. AREAL FOR SPREIDD BYGGING

- a. Føremålet gjeld spreidd bygging av bustad, fritidsbustad eller næringsbygg (inkludert småkraftverk) med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar og parkering (pbl. §11-7, nr. 5, bokstav b).
- b. Føresegnene som gjeld for bustader, fritidsbustader og næring i kap. 2 i denne planen gjeld også for spreidd bygging. Omsynssone for bevaring av landbruk (H510) er gjeldande.
- c. Søknadar vert handsama enkeltvis.

Alle tiltak innanfor område for spreidd utbygging skal sendast på høyring til regional kulturmynde.

4.3.3. LNF -AREAL FOR SPREIDD BUSTAD

- a. Søknadar om spreidd bygging vert handsama som enkeltvise søknadar, jf. § 11-11, nr. 2). I områder sett av til spreidd bygging er det i utgangspunktet ikkje krav til reguleringsplan med mindre dette er spesifisert i arealplanen (sjå Tabell 4: Spreidd bygging i LNF).
- b. Bustader skal vere frittstående og kan innehalde maksimalt 4 husvære i kvart. Størrelse på tomt kan vere inntil 2 daa.

4.3.4. LNF -AREAL FOR SPREIDD FRITIDSBUSTAD

- c. Føremålet gjeld fritidsbustader på LNF-områder med underformål spreidd bygging av fritidsbustader.
- d. Fritidsbustader skal vere frittstående med maksimalt 2 einingar i kvar tomt inntil 1 daa.
- e. Det er ikkje krav om innlagt vatn i fritidsbustadar på areal for spreidd bygging dersom det ikkje er praktisk mogeleg eller uforholdsmessig dyrt å etablere.

4.3.5. LNF -AREAL FOR SPREIDD NÆRING

- a. Føremålet gjeld spreidd næringsbygg med tilhøyrande tekniske anlegg, vegar, kai og parkering. Områda kan nyttast til turisme og fritid, lett næring, kontor, handverk, lagerverksemd og anna.
- b. Større, tyngre og trafikkgenererende verksemdar som gir konsekvensar for omgivnadar og miljøverdiar kan ikkje leggjast innanfor LNFR spreidd næring.
- c. Næringsaktivitet som gir støy, forureining, store inngrep, transport eller andre større konsekvenser krev regulering kan ikkje leggjast innanfor LNFR spreidd næring.
- d. Det kan i særleg bestemte område, vist i Tabell 4: Spreidd bygging i LNF nedafor som «spreidd bygg», gjevast løyve til næringsbygg på inntil 500 m² golvflate med tomt inntil 5,0 daa, lokalisert i rimeleg avstand (>50 m) frå bustader og hytter. Dersom eit samla område for næringsbygg vert på over 5,0 daa, skal det utarbeidast reguleringsplan.
- e. Innafor bestemte areal (sjå omsynssone med kode H510_) kan ein bygge nærare enn 40 meter frå sjøen i tilknytning til allereie utbygde område, med sikte på landbruk, fiske, akvakultur, ferdsel til sjøs jf. PBL § 11-11 nr.4. Sjå byggegrense i plankart.

Tabell 4: Spreidd bygging i LNF

ID	Stad	Areal (daa)	Maks nye einingar i planperiodne	Eksisterande einingar Hytte/ Bustader	Merknad type bygningar

LS_01	Bremnes	322	4	12/5	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad
LS_02	Kittelsvik	240	2	4/4	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad
LS_04	Tunsberg Ånneland	106	2	4/8	Noverande spreidd bustader.
LS_05	Furnes	258	4	4/1	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_06	Brandanger	483	4	7/7	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_07	Grinde nedre	200	1	6/1	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_09	Nyhamar	205	3	5/7	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad/ næring.
LS_10	Dingja	378	4	4/18	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_11	Rutledal	135	2	1/7	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_12	Sandvika	96	1	1/4	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_13	Brosvik	14	1	0/1	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad.
LS_14	Takle	107	2	0/3	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_16	Breidvika	40	1	2/1	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_19a	Mjømna	217	2	3/20	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_19b	Leirvika	130	1	2/0	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_19c	Kvernevågen	35	1	3/0	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_21	Eidsbotn Glenja	200	2	0/6	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_22	Eidsbotn	286	4	0/12	Noverande spreidd bygging, i 100-meterbelte, unntatt småbåthamn. Bustad.

LS_23	Eide	16	2	3/0	Noverande spreidd fritidsbustader. Bustad/fritidsbustad.
LS_26	Halsvikvågen	103	2	4	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_30	Hjartholm	45	2	1/1	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_31	Vassvika, Sandøyna	71	2	0/1	Noverande og framtidig, maks 2 bustader på ned side av vegen.
LS_32	Krekebærtua Gbnr. 94/5 og 12	117	2	11/1	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_33	Vikingneset, Sande	36	1	0/1	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_34	Oppedal	11	2	0/1	Noverande og framtidig spreidd bygging. Bustad/fritidsbustad.
LS_35	Breidvik	1,5			Framtidig næring. Turisme og fritid.

4.4. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE, PBL. § 11-7, NR 6

- Føremålet er fleirbruksområde for natur- og friluftsliv, ferdsel, farleier, fiske, akvakultur og drikkevatn kvar for seg eller i kombinasjon. Det er sett av føremål for småbåthamn (SH), småbåtanlegg (SA), drikkevatn (D), fiske (F), ferdsel (F), farlei (F), natur (N), og friluft i sjø (F). Samferdselslinje Farlei har som underføremål Hovudlei og Bilei. Friluftsområde i sjø har badeplass (B) som underformål.
- Hovudføremål og underføremål er ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøledning for vatn, avlaup, varmpumper, straum eller telenett dersom det ikkje kjem i konflikt med tilgrensande arealbruk, jf. pbl. §11-11 nr. 3.
- Planar om tiltak som medfører varige inngrep i sjøbotnen skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum til uttale via Fylkeskommunen.
- I sjøområde som i kommuneplanen er satt av til låssetting av fisk, har tradisjonelt fiske prioritet foran øvrige aktivitetar. Det må ikkje kome installasjonar i låssettingsplassane som kan hindre utøving av fiske. Tabell 25 i Vedlegg A - Tabellar.
- Tiltak som bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påverke tryggleiken eller fframkomst i sjø krev løyve etter hamne- og farvasslova §14. Kven som er riktig avgjerdsmynde for dei ulike tiltaka går fram av §14.

4.4.1. SMÅBÅTHAMN

- a. I område sett av til småbåthamn skal tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 inngå i reguleringsplan før tiltak er tillate. Det vert gjeve unntak frå kravet om reguleringsplan for mindre anlegg med plassering og storleik som spesifisert under. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1.
- b. Ved søknad om småbåthamn skal det gå fram kvar vedlikehald av båtar og utstyr skal utførast, og dokumenterast at anlegget ikkje vil føre til ureining.
- c. I tilknytning til område for småbåthamn kan det byggjast tilhøyrande anlegg for båtopptrekk, lagringsplass, parkering o.l. på land.
- d. Nye kaier, brygger og utliggjarar må sjåast i samanheng med dei eksisterande anlegg, og målet om at anlegg skal samlast.
- e. Tiltaka skal ikkje vere til hinder for allmenn tilgjenge eller ferdsel langs og i strandsona.
- f. Ved planlegging eller etablering av tiltak for områda skal det gjerast ei særskilt vurdering av vindtilhøva. Det skal planleggjast slik at bygg og anlegg ikkje tek unødig skade av sterk vind. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 8.
- g. Det skal etablerast minimum 1 gjesteplass per hamn. Elles skal det etablerast 1 gjesteplass per 10 småbåtplassar, maksimal krav avgrensast oppad til 5 gjesteplassar.
- h. Småbåthamn gjeld større anlegg som driftast av eige driftselskap og småbåtanlegg brukast der det skal etablerast anlegg for småbåtar av mer allmenn karakter.

4.4.2. FERDSEL

- a. Føremålet er ferdsel, og gjeld ankringsområde i sjø.
- b. Ankrande skip har prioritet innafor desse områda. Tiltak som er i konflikt med ankringsføremålet er ikkje tillate, under dette fortøying av anlegg for akvakultur og utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett.
- c. Ankringsområda kan nyttast til ferdsel, fiske og friluftsliv når det ikkje er til vesentleg ulempe for ankring. Heimel: Pbl § 11-11 nr. 3.

4.4.3. FARLEI

- d. Føremålet er hovud- og bifarleier i sjø.
- e. Tiltak som kan vere til ulempe for sjøtrafikk i hovud- og bileiene er ikkje tillate, under dette akvakultur og flytebrygger.
- f. Farleiene kan nyttast til annan ferdsel, fiske og friluftsliv når det ikkje er til vesentleg ulempe for sjøtrafikken.
- i. Føremålet farlei er ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum og telenett samt røyrlidningar for olje og gass, jf. Pbl § 11-11 nr. 3.

4.4.4. FISKE

I sjøområde som er satt av til låssetting av fisk har tradisjonelt fiske prioritet. Det må ikkje komme installasjonar i låssettingsplassane som kan hindre utøving av fiske.

4.4.5. AKVAKULTUR

- a. Føremålet er område for akvakultur i sjø og på land, inkludert vassøyle og på sjøbotn. Det kan ikkje tillatast tiltak som er til ulempe for akvakultur innanfor området.
- b. Etablering av akvakulturanlegg må skje i tråd med Naturmangfaldslova og Lakse- og innlandsfiske-lova sine omsyn til berekraftig bruk og vern.
- c. Fortøyingar til akvakulturanlegg kan ved behov gå utanfor område avsett til akvakultur dersom dette ikkje er i konflikt med tilgrensande arealbruk. Fortøyingar skal likevel ikkje gå inn i område avsett til «Fiske».
- d. Alle søknader om løyve til oppdrett/dyrking av skaldyr i fleirbruksområde skal handsamast på same måte som ein dispensasjonssøknad frå Pbl., dvs. at kommunen må vurdere eventuell konfliktgrad i kvar einskild sak.
- e. Lokale fiskarlag, grunneigarar på land nær lokalitet, Kystverket og Fiskeridirektoratet må høyrast / søkast godkjenning om ankringsplan for anlegg innanfor avsett areal til akvakultur.

4.4.6. NATUROMRÅDE

- a. Føremålet er naturområde i sjø.
- b. Naturverdiar har prioritet innafor desse områda. Tiltak som kan redusere naturverdiane er ikkje tillate. Dette er likevel ikkje til hinder for tradisjonelt friluftsliv, ferdsle eller fiske.

4.4.7. FRILUFTSOMRÅDE I SJØ

- a. Føremålet er friluftsområde i sjø.
- b. Friluftsliv har prioritet innafor desse områda. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur- eller friluftinteressene er ikkje tillate. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett.

5. OMSYNSSONER

5.1 SIKRINGS-, STØY- OG FARESONE, JF. PBL § 11-8, 3. LEDD, A) (H100, 200, 300)¹

5.1.1. SIKRINGSSONE (H100)

Nedslagsfelt for drikkevatt (H100). Sona omfattar drikkevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt. Bygge- og anleggsverksemd, lagring og anna som kan medføre skedeleg avrenning er ikkje tillete.

5.1.2. STØYSONE (H200)

